



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Møteprotokoll for Ørskog sokneråd

Møtedato: 18.04.2024
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Kyrkjetorget i Ørskog

Til stades: Mons-Olav Walgermo, Kristian Fjørtoft, Inger Valbø, Kari Pauline Longva og May-Sissel R. Osvik.

Forfall: Kim-Ove Hestås, Knut Steinar Dyrkorn og Doreen Strømmen.

Geistleg representant: Olav Rønneberg

Ingeri Madsen møtte for Kim-Ove Hestås, Ola Sønnerland møtte for Knut Steinar Dyrkorn og Ann Kristin Paulsen møtte for Doreen Strømmen.

Ann Kristin opna med salmen «Den blomstertid nu kommer».

Saker

Sak 28/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 29/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 14.03.24

Sak 30/24: Orienteringssaker Skriv og meldingar

- Underskrift av teieplikterklæringa
- Ny kateket har takka ja til stilling i Ørskog og Skodje
- Referat frå Nepal-tur
- Dagleg leiar for Spjelkavik, Skodje og Ørskog. Ny organisering
- Referat frå Husstyret
- Referat frå årsfesten
- Avskjedsgudsteneste for kateket Olav Chr. Rønneberg 2. juni 2024
- Fellesskapskveld torsdag 25. april. Julie
- Skodje kyrkjekor i Ørskog kyrkje torsdag 18. april kl 20.30
- Konfirmasjon i Ørskog 4. mai 24
- Takkeskriv for offer
- Dugnad på/i Kyrkjetorget torsdag 25. april kl 16 - 19

Sak 31/24: Godkjenning av rekneskapen for Ørskog sokn for 2023.

Utsett sak 25/24

Sak 32/24: Støtte til Skodje kyrkjekor for 2024

Sak 33/24: Offersøknad NSP Aid

Sak 34/24: Endringar i gudstenestelista

Sak 35/24: Budsjett for 2024

Sak 36/24: Gåve frå soknet til konfirmantane

Sak 37/24: Eventuelt



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Sak 28/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknadar

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknader.

Sak 29/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 14.03.24

Vedlegg: Møteprotokoll 14.03.24

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 14.03.24 utan merknader

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 14.03.24 utan merknader.

Sak 30/24: Orienteringssaker, skriv og meldingar

- Underskrift av teieplikterklæringa
- Ny kateket: Solveig Frafjord Whitcomb har takka ja til stilling i Ørskog og Skodje
- Referat frå Nepal-tur ved Ola Sønderland og Mons-Olav Walgermo
- Dagleg leiar for Spjelkavik, Skodje og Ørskog. Ny organisering. Stillinga er utlyst.
- Referat frå Husstyret
- Referat frå årsfesten
- Avskjedsgudsteneste for kateket Olav Chr. Rønneberg 2. juni 2024
- Fellesskapskveld torsdag 25. april. Julie Tronstad: Turglede og Gudstru
- Salmekveld: Skodje kyrkjekor i Ørskog kyrkje torsdag 18. april kl 20.30
- Konfirmasjon i Ørskog 4. mai 2024 kl. 10 og 12
- Takkeskriv for offer frå Misjonssambandet Ung
- Dugnad på/i Kyrkjetoget torsdag 25. april kl 16 – 19
- Grillfest for kyrkjelyden på Kyrkjetoget blir i år 20. juni kl 18
- Knøttekor og barnegospel har starta opp.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande.

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Sak 31/24: Rekneskapen for Ørskog sokneråd

Soknerådet har gått gjennom hovudtrekka og gler seg over eit godt overskot.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner rekneskapen under føresetnad om revisors godkjenning og gjer vedtak om å setje av det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2023 til disposisjonsfondet konto 25600000.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket er på kr 588 486,02. Resultatet inkluderer meirforbruket 150 årsjubileet kr 136 915,38.

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner rekneskapen under føresetnad om revisors godkjenning og gjer vedtak om å setje av det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2023 til disposisjonsfondet konto 25600000.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket er på kr 588 486,02. Resultatet inkluderer meirforbruket 150 årsjubileet kr 136 915,38.

Sak 32/24: Støtte til Skodje kyrkjekor for 2024

Soknerådet har mottatt følgjande søknad frå Skodje kyrkjekor:

Økonomisk støtte til Skodje Kyrkjekor

Eg vil på vegne av styret for Skodje Kyrkjekor få takke for den støtta vi har fått frå Kyrkjetorget/ Ørskog Sokneråd! Det har vore eit viktig grunnlag for økonomien vår og det har gitt oss moglegheit til å delta på arrangement knytt til kyrkjene i Ørskog og Skodje utan å måtte tenke på økonomien som ei begrensing. Vi har det siste året arrangert eller delteke på følgjande arrangement:

13.-15. januar: Øvingshelg på Lepsøy før Kjærleikskonserten, inkludert "Song- og salmeandakt" på bedehuset

5. februar: Avskjedgudstjeneste for Asbjørg Oksavik Sve

14. februar: Kjærleikskonsert

13 april: Salmekveld Sjøholt

27. april: Skodje kyrkjekor var gjestekor under konsert «No kjem sommaren» arr Skodje pensjonistlag

21. juni: Stølsong på Skøyestølen

23. september: Arrangør av Korfestdag i regi av NKSF-Møre i Ørskog kyrkje

5. november: Jubileumskonsert Ørskog kyrkje 150 år

12. november: Jubileumsgudsteneste Ørskog kyrkje 150 år

7. desember: Julekonsert med Valle barnekor

13. desember: Luciakonsert, Omsorgsenteret

19. desember: Deltok på «Spor av tru i adventstida», Skodje kyrkje

Vi har det siste året vore 21 medlemmar i koret, og av dei har 6 kome frå Ørskog og bygdene innanfor.

Vi er orientert om at bakgrunnen for støtta vi får er at Kyrkjetorget med si drift ønsker å støtte frivillige aktivitetar i kyrkja lokalt, men at det også ligg ei oppmoding i den støtta vi får til å sjå moglegheita for å rekruttere frivillige medarbeidarar til den daglege drifta av Kyrkjetorget. Vi har lykkast med å stille tre medlemmar frå koret i ei av laurdagsgruppene på Kyrkjetorget, men har samstundes oppmoda fleire til å vere med eller til å spørje aktuelle folk ein kjenner om det.

Viss det også i år er rom for å tildele støtte til Skodje Kyrkjekor, er vi takksame for det. (I tilfelle kan konto 3901 30 43519 nyttast.) Uansett ser vi fram til eit samarbeid med Ørskog Sokneråd også i komande år.

Med vennleg helsing for Skodje Kyrkjekor: Øyvind Danielsen



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Framlegg til vedtak:

Skodje kyrkjekor er eit viktig fellesprosjekt mellom sokna Skodje og Ørskog. Ørskog sokneråd vedtek å støtte koret for året 2024 med kr 50000.

Vedtak:

Skodje kyrkjekor er eit viktig fellesprosjekt mellom sokna Skodje og Ørskog. Ørskog sokneråd vedtek å støtte koret for året 2024 med kr 50000.

Sak 33/24: Offersøknader

Soknerådet har mottatt søknad om offer frå NSP (North-South Partnership) Aid.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet seier ja til offersøknaden frå NSP-Aid og finn ein høveleg dag seinare.

Det er sett av to ofringar til Himalpartner og to til Stefanusalliansen.

Endringar i lista:

Sidan det 17.03 var innsamling til Fasteaksjonen, blir ofring til Himalpartner lagt til 28.04.

Ofring til KRIK blir utsett til 23.06.

Soknerådet ønskjer å gi eit ekstra offer til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I tillegg til fasteaksjonen og offer på julaftan blir også offeret 07.07 til Kirkens Nødhjelp.

Vedtak:

Soknerådet seier ja til offersøknaden frå NSP-Aid og finn ein høveleg dag seinare.

Det er sett av to ofringar til Himalpartner og to til Stefanusalliansen.

Endringar i lista:

Sidan det 17.03 var innsamling til Fasteaksjonen, blir ofring til Himalpartner lagt til 28.04.

Ofring til KRIK blir utsett til 23.06.

Soknerådet ønskjer å gi eit ekstra offer til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I tillegg til fasteaksjonen og offer på julaftan blir også offeret 07.07.24 til Kirkens Nødhjelp.

NB!

Til neste møte: Når vi får oversynet på i Excel frå servicekontoret, kan vi føre på organisasjonar som vi vil gje offer til resten av året. Vi kan også føre opp medliturgar og kyrkjevertar på lista.

Sak 34/24: Endringar i gudstenestelista

Det er gjort nokre endringar i gudstenestelista 1. halvår 24.

Gudstenesta 26. mai går ut. Ny dato blir 2. juni. Då takkar vi av kateket Olav etter lang og tru teneste i Ørskog.

Gudstenesta 30.06. blir flytta til 23.06.

Kveldsgudstenesta 4. august blir kl 20.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet syner til endringane ovanfor og tek dei til vitande.

Vedtak:

Soknerådet syner til endringane ovanfor og tek dei til vitande.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Sak 35/24: Budsjett for 2024

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd vedtek budsjettet for 2024

Handsaming i møtet: Det kom forslag om endring av kjøkkenbenk (oppvaskbenk). Denne saka og fleire som vedkjem budsjettet for 2024, blir sendt over til husstyret i første omgang før endringsforslag blir lagt fram for soknerådet.

Vedtak:

Ørskog sokneråd vedtek budsjettet for 2024

Sak 36/24: Gåve frå soknet til konfirmantane

Det har vore vanleg å gje ei gåve til konfirmantane frå kyrkjelyden. Ofte har det vore ein Bibel. Ein heilt overkomeleg Bibel – versjon.

No er det utgitt eit alternativ, konfirmantsalmebok, som ser brukarvenleg ut. Der står det litt om bakgrunn til salmane og i tillegg bønner.

Boka kostar kr 249. Men vi reknar med det blir gitt rabatt på ca 20% ved kjøp til konfirmantkull. Det vil bli ei utgift på om lag kr 5400.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd ønskjer å gje kvar konfirmant ei gåve, konfirmantsalmeboka i år.

Kateketen bestiller.

Utgiftene blir ført på avd 16, kyrkjelydsarbeid.

Vedtak:

Ørskog sokneråd ønskjer å gje kvar konfirmant ei gåve, konfirmantsalmeboka, i år.

Kateketen bestiller.

Utgiftene blir ført på avd 16, kyrkjelydsarbeid.

Sak 37/24: Eventuelt

- Vedkomande søppeldunkane i Prestefjæra som det har vore mykje skrive om no i ettertid, har vorte handsama av Ålesund kommune slik dei skulle. Det viser seg at fellesrådet i Ålesund som er rette adressat for saka, har fått saka tilsendt for uttale. Det førre soknerådet i Ørskog har også fått tilskriv utan at det ligg føre noko uttale eller tilråding til vedtak i saka.
- Vi vil oppmode om å bruke kulturkalendaren i Bygdebladet.

Sjøholt, 22. 04.2024

Inger Valbø/ Mons-Olav Walgermo

Referent